

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	01.12.2025
Vår referanse	2022/57825-5
Dykkar referanse	28a2ae96-f344-4e98-ad10-
Sakshandsamar	056043191169
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsfråsegn til søknad om å redusere minstevassføringa til Brattabølvi kraftverk , NVE-ref.: 202319484

Samandrag av innspel

Fylkeskommunen vurderer at vassdraget og vassførekomsten truleg er meir påverka enn «liten grad» av vasskraft, og endring av minstevassføringa med 38 % bør ikkje gjerast utan grundigare vurdering frå NVE. Vassdraget er i moderat tilstand, og pågåande tiltak har liten effekt. Regulanten bør gjennomføre ei biologisk kartlegging for å dokumentere tilstanden etter ni års drift før ny minstevassføring blir fastsett, då 5-persentilen ikkje nødvendigvis gir god økologisk tilstand.

Vi har ingen merknader til kulturminne, fylkesveg eller andre fagfelt.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyringa av søknaden om å redusere minstevassføringa ved Brattabølvi kraftverk. Brattabølvi Kraft AS ynskjer å redusere minstevassføringa frå 230 l/s til 143 l/s i perioden 1.5-30.9. Høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune er basert på ei vurdering endringa opp mot relevante fagområde og regionale planar og interesser.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har ingen merknad knytt til automatisk freda, eller nyare tids kulturminne.

Vassmiljø

Vassdraget som renn gjennom Krossdalen ned til Jondal er i dag påverka av heile 6 vasskraftutbyggingar der det i store deler av vassdraget er fråført vatn frå vassdraget gjennom vassvegar til og frå kraftverk. Skarvabotnen fjernar sitt nedslagsfeltet heilt bort frå vassdraget. Det meste av vassdraget sine elvestrekningar ligg i moderat tilstand grunna målingar gjort av botnfauna som indikerer eutrofiering frå for høg organisk belastning i perioden 2014-2024.

Aktuelt elvestrekk ligg i vassførekomst 047-179-R «Brattabølvi nedstrøms inntak» og har økologisk tilstand moderat. Dette grunna moderat tilstand på botnfauna (mellombels score per takson ASPT), som igjen truleg er påverka av avrenning frå jordbrukskjelde (Vann-nett). Vassførekomsten ligg i risiko for ikkje å nå miljømålet om god tilstand og tiltak er påkrevd. For perioden 2022-2027 ligger det no inne 3 landbrukstiltak. Truleg vil ein ikkje nå miljømålet i denne planperioden men kanskje i neste planperiode 2028-2033 viss nytt regelverk for bruk og handtering av husdyrgjødsel gir effekt på vassførekomsten. I vann-nett er vasskraft vurdert å ha liten grad av påverknad på vassførekomsten og vassdraget, med unntak av inntaket i Skarvabotnen, som er vurdert å ha stor grad av påverknad.

Elva har vore regulert i om lag 9 år med gjeldande minstevassføring på 230 l/s på sommar og 20 l/s på vinteren. Vintervassføringa syns å vere svært låg med lite vann i vassdraget for å kunne oppretthalde det biologiske livet gjennom vinteren. Kanskje skuldast dette at elvestrekket i dag derimot har for liten minstevassføring som har ført til oppblomstring av alger og biofilm, mindre naturlig sjølvrensing og redusert oksygennivå. Når vatnet beveger seg sakte kan ein få auka soloppvarming og auka produksjon av trådforma alger, tjukkare biofilm på steinar og dårlegare naturmangfald. Utspylingseffekten i vassdraget avtek då ofte slik at elva ikkje klarar å flytte sand, grus og organisk materiale. 5-persentilen skal sikre overleving, men gir ikkje nødvendigvis god økologisk tilstand. Den representerer dei turraste 5 % av naturlege dagar. Som minstevassføring betyr dette at elva ofte går på et nivå naturen egentlig bare opplever unntaksvis og det kan gi redusert habitatkvalitet, dårligere biologisk mangfold med færre botndyr og svekka fiskebestand.

Fylkesveggar og infrastruktur

Ingen merknadar knytt til fylkesvegsinteresser.

Konklusjon

Vår vurdering er at vassdraget og vassførekomsten truleg er meir påverka enn «liten grad» av vasskraft, som er vurdert i vann-nett. Dette må vurderast grundigare av NVE før ein kan endre minstevassføringa frå Brattabøelvi kraftverk med 38 % samanlikna med dagens minstevassføring. Grunnen er at vassdraget i dag er i moderat tilstand og at pågående tiltak ikkje ser ut til å ha effekt. Regulanten bør utføre ei biologisk undersøking for å skildre dagens tilstand i vassførekomsten etter om lag 9 år drift av kraftverket før en kan fastsette endeleg minstevassføring. Det er ikkje sikkert at 5-persentilen er den rette minstevassføringa i denne vassførekomsten.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne – Heidi Handeland
- Nyare tids kulturminne - Berit Vik
- Vassmiljø – Sveinung Klyve
- Fylkesveg – Eva Sundal

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ULLENSVANG KOMMUNE

Opheimsgata 31

5750

ODDA

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

